



## OSTERØY KOMMUNE

### Sektor for oppvekst undervisning og kultur

#### VEDTEKTER FOR KOMMUNALE SKULEFRITIDSORDNING I OSTERØY KOMMUNE

Revidert og gjeldane frå 1. August 2017.

##### **1. Eigartilhøve**

Osterøy kommune er eigar av skulefritidsordningane ( heretter SFO) ved dei kommunale grunnskulane - og skal ha ei drift i samsvar med Opplæringslova § 13-7 samt kommunale planar og vedtak.

##### **2. Styre og leiing av skulefritidsordningane**

- **Rådmannen**

Driftsansvaret er delegert frå heradstyret til rådmannen.

- **Rektor**

Rektor er fagleg og administrativ leiar for skulefritidsordningane.

- **Bemanning**

Skulefritidsordningane skal ha ei forsvarleg bemanning.

Leiar for SFO har ansvar for den daglege drifta.

- **Samarbeidsutvalet**

Samarbeidsutvalet er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ ved skulen.

Samarbeidsutvalet kan delegere saker om SFO til eit eige arbeidsutval.

##### **3. Formål og Lovgrunnlag**

SFO er ein del av skulen sitt samla læringsmiljø og skal gje born på 1. – 4. årstrinn omsorg og tilsyn før og etter undervisningstid i nær forståing og samarbeid med heimen.

*”Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1. – 4. klassetrinn, og for barn med særskilte behov på 1. – 7. klassetrinn”.*

*Tilbodet skal leggja til rette for:*

- *Leik, kultur -og fritidsaktivitetar*
- *Omsorg og tilsyn*

SFO skal vera eit positivt element i – og ein integrert del av skulekvardagen. Borna skal oppleva samanheng i kvardagen sin.

#### **4. Areal**

Borna i SFO nyttar skulen sine leikeområde og leikeutstyr.

Areal som vert nytta til SFO skal vera eigna til leik og aktivitetar ute – og inne.

#### **5. Opningstid**

SFO i Osterøy er open 11 mnd. i året, unnateke er skulen sine ferie og fridagar.

Kvar skule vil ha eigne opningstider.

**Skulane vil gje desse tilboda:**

- Inntil 9 timar veke
- 9-15 timar veke
- Meir enn 15 timar veke

#### **6. Plass i skulefritidsordning**

Alle som søker plass i SFO med heimel i Opplæringslova § 4 vert tildelt plass.

##### **Opptaksperiode**

I samband med opptak blir opptaksperioden sett lik med det komande

skuleåret. For opptak i skuleåret blir opptaksperioden sett til resten av skuleåret.

##### **Opptakskriterium**

Skulefritidsordninga skal vera open for born på årsstega 1-4 klasstrinn og born med særskilde behov 1-7 klasstrinn.

##### **Søknad og tildeling av plass**

Innan fastsett frist 1. mai søker foreldra om plass for elevane.

Søknadsskjema skal visa til vedtektene – og *elektronisk søknadsskjema* ligg på heimesida til Osterøy kommune.

Opptak kan skje gjennom året – dersom bemanning og lokale tilseier det.

##### **Oppseiing av skulefritidsplassen**

Oppseiingsfristen/reduksjon av opphaldstid er 1 måned rekna frå den 1. i kvar måned.

Om våren vil ein ikkje godta oppseiingar/reduksjon i opphaldstid som kjem inn etter 1.4.

#### **7. Foreldrebetaling**

Satsane for foreldrebetaling vert fastsett av Osterøy heradstyre i samband med

Budsjetthandsaminga - og satsane blir gjort gjeldande frå det tidspunktet heradstyret bestemmer.

**Foreldre kan velje /betale for eit skulefritidsår som er på 11 månader rekna frå den 01/8 til 30/6 - eller for 10 månader rekna frå skulestart i august og til skuleslutt i juni .**

Dersom betalinga frå foreldra er 1 måned forseinka, sender ein skriftleg purring der ein samstundes melder at neste skritt blir inkasso og at barnet vil missa plassen om betalinga ikkje er ordna innan 1 måned etter varsel.

### **8. Teieplikt**

Opplæringslova § 15 -1 viser til forvaltningslova §§15-1 til 15 -5 som omhandlar reglar for teieplikt.

### **9. Politiattest**

Opplæringslova §10-9."Den som skal tilsetjast i grunnskolen må leggje fram politiattest."

**Revidert og gjeldane frå 1. august 2017.**